



Strandryddinga i regi av SIM er sett på vent. Bilete syner innsamling 2019.

Ryddeaksjonane våren 2020 er sett på vent inntil vidare. Der gjeld også det som vert kalla Rydd ei strand og Rydd i nærmiljøet. Uskedal Uvikling har kvart år i samarbeid med fotballgrupper og andre vore med på denne dugnaden. Vårrydding på vent er mellom anna tema i det siste SIM nytt, nr. 1/2020.

Eide Fjordbruk med oppdrettsanlegg på nordsida av Skorpo har vore med på rydding. Det same har Audun Eik og Kristian Bringedal. I fjor vart det rydda i stranda frå Vågen til Eikelandet. Året prøvde ein å ta område frå Holmen til Ljosnes. SIM har ei særskild ordning for henting av søppel på øyane Skorpo og Snilstveitøy.

Trass i at vårryddinga i regi av SIM er utsett, er tida likevel inne for å rydda der du bur eller på strekningane der ein går tur. I sentrum vil det alltid vera bos, særleg i strandsona og langs Fylkesvegen. Det same gjeld langs elvekanten.

Kraftig vind den siste tida gjer at bos kjem på avvegar. Bospanna sett fram til vegen veltar og boset flyt. Det har difor vore fokus på korleis ein på ein praktisk måte kan festa og sikra dunkane.

Dersom du plukkar bos på trimturen eller du ploggar (plukkar bos medan du joggar), kast posen med søppel i restavfallet eller i ein hyttekonteiner.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal